

Medietilsynet
Nygata 4
1607 FREDRIKSTAD

Dykker ref.

Vår ref.
25/675-1/ASV

Dato
28.05.2025

Innspel til Medietilsynet om mediestøtteordningane

Språkrådet kjem her med innspel i samband med oppdraget frå Kultur- og likestillingsdepartementet til Medietilsynet om å utarbeida kunnskapsgrunnlaget for det fireårige styringssignalet for mediestøtta for perioden 2027-2031.

I arbeidet med utgreiinga av mediestøtteordningane, og i vurderinga av nyheitsbruken til unge og om støtteordningane er tilpassa teiknspråklege medium, er det sentralt å vurdera korleis mediestøtteordningane kan bidra til å oppretthalda og styrka det språklege mangfaldet i mediesektoren, i tråd med føresegnene i språklova om det offentlege sitt ansvar for å styrka norsk språk (bokmål og nynorsk) og det tradisjonelle språkmangfaldet i Noreg. Eit døme på dette mangfaldet er den store floraen av aviser som bruker nynorsk som redaksjonelt språk. I tråd med språkpolitiske og kulturpolitiske mål må dette tilbodet bli styrkt, og ikkje svekt, når ein vurderer endringar i mediestøtta. Språkrådet vil også understreke behovet for ei styrking av medietilbodet på norsk teiknspråk, i tråd med tilrådingane frå NOU 2023:20 *Tegnspråk for livet*.

I oppdraget om å vurdera tiltak som kan stimulera nyheitsbruken til barn og unge vil Språkrådet peika på behovet for å styrka det norskspråklege nyheitstilbodet (særleg på nynorsk) retta mot denne målgruppa, og å finna tiltak som gjer at ein når desse målgruppene med tilbodet. «Barn og medier»-undersøkinga (2024) frå Medietilsynet viser at nyheter er eit domene der barn og unge bruker innhald på norsk.

Samstundes veit vi at unge i mindre grad enn eldre brukar redaktørstyrte medium. Ei styrking av nyheitskonsumet på norsk i denne aldersgruppa er viktig språk- og kulturpolitisk, men også heilt avgjerande for å trygga ytringsfridomen til barn og unge i det norske samfunnet, i tråd med infrastrukturkravet i grunnlova § 100.

Dersom det er spørsmål til innspela eller behov for avklaringar, bistår Språkrådet gjerne.



Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Vennleg helsing
Lars Ivar Nordal
avdelingsdirektør

Annvor Seim Vestrheim
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Medietilsynet

Nygata 4

1607

FREDRIKSTAD